


Kulturlandskapet på hyllegarden Skageflå i Geiranger i Stranda kommune

Bioforsk Rapport

Vol. 4 Nr. 67 2009

Del 2. Utmarkslandskapet; bruksutnytting, kulturminne og biologiske verdiar

Pål Thorvaldsen
Bioforsk Vest Fureneset





Hovedkontor
Frederik A. Dahls vei 20,
1432 Ås
Tlf: 03 246
Fax: 63 00 92 10
post@bioforsk.no

Bioforsk Vest Fureneset
Fure
6967 Hellevik i Fjaler
Tlf: 406 21 862
Faks: 57736375
fureneset@bioforsk.no

Tittel/Title:

Kulturlandskapet på hyllegarden Skageflå i Geiranger i Stranda kommune
Del 2. Utmarkslandskapet; bruksutnytting, kulturminne og biologiske verdiar

Forfatter(e)/Autor(s):

Thorvaldsen, P.

Dato/Date: 19.05. 2009	Tilgjengelighet/Availability: Åpen	Prosjekt nr./Project No.: 4110035-13	Arkiv nr./Archive No.: 644.0
Rapport nr./Report No.: 4(67)	ISBN-nr.: 978-82-17-00505-6	Antall sider/Number of pages: 26	Antall vedlegg/Number of appendix: 2

Oppdragsgiver/Employer: Møre og Romsdal Fylke, Landbruksavdelinga	Kontaktperson/Contact person: Byrge Fitje
--	--

Stikkord/Keywords: Skageflå, brukslandskap, sæterbruk, biologisk mangfold	Fagområde/Field of work: Grovfôr og kulturlandskap Grassland and Landscape Division, Fureneset
--	--

Sammandrag

Mange av dei fråflytta hyllegardane langs Storfjorden i Møre og Romsdal har vorte innlemma i det nyoppredda Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap. Skageflå er den største og mest kjende av desse gardane og hadde eit omfattande brukslandskap som strekte seg heilt frå fjorden og opp til høgfjellet. Det vart registrert 15 restar etter sikre bygningar i brukslandskapet utanom innmarka og det har hørt tre sætrar til garden. Det vart ikkje registrert kulturmarker med høg biologisk verdi i utmarkslandskapet og det vart ikkje registrert spesielt sjeldsynte plantearatrar.

Land/ Fylke: Kommune: Stad/Lokalitet:	Noreg/Møre og Romsdal Stranda Skageflå, Geiranger
---	---

Ansvarleg leder/ Responsible leader

Samson L. Øpstad

Prosjektleder/Project leader

Pål Thorvaldsen

Førord

Dette er del 2 av rapporten etter plan- og registreringsarbeidet Bioforsk Vest Fureneset har gjort i kulturlandskapet på hyllegarden Skageflå i Geiranger i Stranda kommune i Møre og Romsdal.

Oppdragsgjevar har vore landbruksavdelinga ved Møre og Romsdal fylke. Planarbeidet kom i gang etter eit innspel av Atle Ringseth frå Storfjordens venner, som i løpet av dei siste åra har gjennomført eit omfattande restaureringsarbeid på bygningane på Skageflå og no ønskte å følgje opp dette initiativet med å sette i gang skjøtsel i kulturlandskapet og derfor ønsktein ein plan for skjøtsel av området.

Området vart synfare første gang på forsommaren 2006 saman med Are Homlung, kontaktperson Storfjordens Venner, Ingolf Mølsæter og Olav Kjell Homlung, representantar for partseigarane, og Jostein Dalen, sjølvstendig næringsdrivande. Kontaktperson hos FMLA var da Randi Holme og seinare Anne Berit Løseth og sist Byrgje Fitje.

Under denne første synfaringa vart det klart at brukslandskapet utanom sjølve innmarka på Skageflå også inneheld kulturlandskapskvalitetar som ikkje ville verte omhandla av skjøtselsplanen. Desse delane av det opphavlege brukslandskapet har samstundes i liten grad vore gjenstand for systematiske biologiske undersøkingar. Ein såg også at kartmaterialet frå området var dårleg og at berre eit fåtal av kulturminna i området var kartfesta. For å auke verdien av det føreståande arbeidet såg ein det som ønskeleg at heile brukslandskapet no vart undersøkt. I samråd med oppdragsgjevar og Storfjordens Venner utvikla derfor Bioforsk Vest Fureneset eit forprosjekt for å skaffe seg eit betre grunnlagsmateriale frå Skageflå og dei omkringliggjande områda. Til dette arbeidet var det søkt Riksantikvaren om finansiering, og ein fekk innvilga desse midlane forsommaren 2007.

Resultata frå arbeidet som Bioforsk Vest Fureneset har gjort på Skageflå er samanstilt i to delrapportar. Første del låg føre hausten 2008 og er ein skjøtselsplan for innmarka og dei bygningsnære områda på Skageflå. Del 2 omhandlar utmarkslandskapet og den tidlegare bruken av dette. Det tidlegare brukslandskapet er eit stort og omfattande areal, og ein måtte derfor avgrense undersøkingane til dei mest sentrale delane. Dei tidlegare sæterområda og dei viktigaste utslåttområda vart derfor prioritert, og dei mange bygningane og andre spor etter tidlegare bruk innafor dette området vart kartfesta og fotodokumentert. I rapporten vert det også gitt ei beskriving av kulturmarkene innafor det prioriterte området og ei vurdering av biologiske verdiar knytt til desse.

Takk til Olav Kjell Homlung, Ingolf og Rolf Mølsæter, Odd Normann Hoff og Are Homlung som har gitt nyttige bidrag i arbeidet med desse rapportane ved å gje opplysningar om namn i landskapet og ikkje minst den tidlegare drifta på Skageflå. Takk også til oppdragsgjevar for samarbeid og gode innspel.

Innhald

1.	Introduksjon	5
2.	Metode.....	8
2.1	Kartarbeid og avgrensing av skoggrense.....	8
2.2	Synfare område.....	8
2.3	Registreringar	8
3.	Bruk av utmark i busetnadshistoria	9
4.	Kulturhistoriske og biologiske verdiar i brukslandskapet utanfor innmarka på Skageflå	10
4.1	Bjønnstisætra og omkringliggjande område.....	10
4.1.1	Kulturminne og spor av bruksaktivitet i området.....	11
4.1.2	Biologiske verdiar	13
4.2	Skageflålittlesætra og områda sør på Skageflåna	15
4.2.1	Kulturminne og spor av bruksaktivitet i området.....	15
4.2.2	Biologiske verdiar	17
4.3	Skageflåsætra.....	18
4.3.1	Kulturminne og spor av bruksaktivitet i området.....	18
4.3.2	Biologiske verdier	21
4.4	Tverrbakksætra/ Tverrabøsætra.....	23
4.4.1	Kulturminne og spor av kulturaktivitet i området	24
4.4.2	Biologiske verdiar	26
5.	Konklusjonar	27
6.	Litteratur.....	28
	Vedlegg 1. Registrerte karplanter på setervoller på Skageflå	29
	Vedlegg 2. Bildeinnhald CD	31

1. Introduksjon

Skageflå i Geiranger (Fig 1.1) er den største av hyllegardane i Storfjorden i Møre og Romsdal, og den ligg på ei fjellhylle ca 250 m.o.h. med utsyn over fjorden og Dei sju søstre, midt i Geiranger – Herdalen landskapsvernområde og det nyopprettet Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap. Busetningshistoria strekkjer seg så langt det er kjend tilbake til 1613 då garden for første gang er nemnd i skriftlege kjelder, men garden er truleg eldre. Gardsdrifta vart lagt ned da Skageflå vart fråflytta i 1918, men innmarka og delar av utmarka vart slått fram til 1969. Hyllegardane langs Storfjorden og andre fjordar på Vestlandet med det tilhøyrande brukslandskapet er noko av det mest særeigne og spektakulære den norske kulturlandskapsarven har gitt oss. Dette er også uttrykt som ein del av grunngjevinga frå UNESCO for å innlemme dei to områda på Verdsarvlista: ”*Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området*” (Møre og Romsdal fylke 2008). Det er også ei utsikt målsetjing å ta vare på noko av dette slik det heiter i føremålet ved opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde: ”*å ta vare på viktige fjordlandskap der fjordgardar, sætermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart*” (Møre og Romsdal Fylke 2005).



Figur 1.1 Skageflå

Skageflå vart fråflytta ved inngangen til førre hundreår. Før jordbruket tok i bruk industrielt framstilte produksjonsmidlar ved det første såkalla hamskiftet kring midten av 1800-talet låg grunnlaget for produksjonen i arealressursane ein rådde over og da først og framt utmarka. Dette førte til at det førindustrielle jordbruket hausta store areal og opprettheldt eit kontinuerleg uttak av næringsemne frå utmark. Næringsemna vart transportert inn til garden og innmarka i form av høyavl, gjødsel og husdyrprodukt. Dette gav grunnlag for vidare produksjon og dyrking av åkervokstrar som korn og seinare også potet. Den tida gardsdrifta på Skageflå vart oppretthalden strekte brukslandskapet seg såleis heilt frå fjøresteinane nede ved fjorten og opp i meir enn 1000 m.o.h. langt inn i den alpine sona, og omfatta alt tilgjengeleg areal inkludert dei mange små og vanskeleg tilgjengeleg og rasutsette berghyllane, myrane samt høgfjellet med sine skiftande klimatiske tilhøve. Brukslandskapet fekk derfor stor spennvidde i bioklimatiske vilkår, dette er særeige for Vestlandet (Austad 1998). Interaksjonen mellom bioklimatiske tilhøve, landskap og kultur gav opphav til det mangfaldet ein finn i den norske jordbrukskulturen både når det gjeld reiskap, byggeskikk, mattradisjonar, kulturmarkstypar og brukssystem.



Figur 1.2. Skageflåhylla sett frå Geirangerfjorden, garden kan skimtast om lag midt i bildet. I dette landskapet budde og livnærte folk seg gjennom heile året.



Figur 1.3. Stien til Skageflå går i slynger opp gjennom lauvskogen midt i bildet opptil det partiet som vart kalla Kvitfjellet som tydeleg trer fram i berget nedanfor garden. Der tar den mot venstre og følgjer små hyller i berget opp til gardne, gjennom det siste og brattaste partiet er stien skutt inn i fjellet. Prekestolen er framspringet i fjellet opp til venstre.

Sentralt i den førindustrielle bruken av utmarka låg sætrane. Lars Reinton (1896-1987) er den som i detalj har skildra dei mange regionale sæterbruksystem i Noreg medan dei enno i nokon grad var levande. I Sæterbruket i Noreg (1955 -1961) ga han i tre bind ein grundig dokumentasjon over ulike brukssystem, arbeidsmetodar og korleislivet på og kring sætra arta seg. I det tidlegare sæterbruksystemet fanst det to hovudtypar, beitesætrer og slåttesætrer. Beitesætene mangla slåttemark og låg ofte høgt til fjells. Slåttesætene var vanligast og var alltid omgitt av ein sætervoll. Innafor desse to hovudtypane finn ein så dei regionale variantane som er ei tilpassing til topografiske og klimatiske forhold. Døme på slike regionale variantar er: øy-sætring langs kysten; ei-sætersystem; to- eller fleir-sætersystem og vintersætring. To- eller fleirsætersystem var mest vanleg på Vestlandet, og hadde truleg sitt opphav her.

Sæterlandskapet er det klimatiske ytterpunktet mot alpine områder i det norske kulturlandskapet. Tradisjonelt har det hatt ei vidstrakt utbreiing over heile landet i den boreale sona på grensa mellom fjell og bygd. Sæterkulturen har gjennom beiting og vedhogst redusert skogarealet, og skapt nye og verdifulle hei og grasmarkshabitat. I vegetasjonsøkologisk samanheng vert slik grasmark kalla seminaturlege grasmarker. Dette er vegetasjon som er påverka av menneskeleg aktivitet slik at mengde og fordeling av artane er avhengig av menneskeleg aktivitet samtidig som artsinteriøret består av arter som naturleg høyrer til i regionen (Moen 1998). Sidan Reinton publiserte sitt verk har effekten av menneskets verknad på økosystemet vorte via auka merksemd, og forskinga på kulturlandskap er betydelig intensivert både nasjonalt og internasjonalt. Resultata av denne forskinga har dokumentert at sæterkulturen har hatt ein betydelig effekt i det subalpine økosystemet, den har verka inn både på landskap, vegetasjonstype og artsnivå (Olsson, 2004; Austad et al. 2004). Det har også blitt estimert at skoggrensa er senka med opptil 200 m som følgje av denne aktiviteten (Aas & Faarlund, 1996).

Utvælt av artar ein finn i seminaturlege grasmarker i den subalpine sona er ofte ei blanding av fjell- og lavlandsartar (Olsson et al. 1998). Artsdiversiteten i slik grasmark kan verte svært høg (Austrheim et. al. 1999; Norderhaug et. al. 2000; Jordal 2004), og det har blitt påvist at seminaturalige sub-alpine beitemarker tidlegare brukt som slåttemark, kan ha opp mot dobbelt så mange planteartar (28) som kunstig gjødsla slåtteenger (15) pr. 0,25 m² (Austrheim et al. 1999). Mange av artene ein finn her er lyskrevjande og har svak konkurransesevne, dei er avhengig av aktivitet som reduserar skogarealet. Eit eksempel på ein art som er eksklusivt knytt til sæterlandskapet er fjellnøkleblom (*Primula scandinavica*). Dette er ein norsk ansvarsart som har tyngdepunktet av si utbreiing i heile verda i sæterlandskapet i Noreg. Subalpine seminaturalige grasmarker i sæterlandskapet er også viktig habitat for grasmarkssopp, mange av desse artane er i dag sjeldne. I ein studie av slike grasmarkshabitat i sæterlandskapet på og rundt Dovretraktene vart 23% av våre raudlista grasmarkssopp påvist (Jordal, 2004).

Det er på bakgrunn av slike samanhengar at brukslandskapet på Skageflå er interessant ut i frå ein fagleg samanheng. På Skageflå er heile det opphavlege brukslandskapet i forfall og dei tidlegare seminaturlege grasmarkane er i ferd med å gro igjen. Gjengroinga truar også dei mange kulturminna. Brukslandskapet på hyllegardane har i liten grad vore gjenstand for heilskaplege undersøkingar, dei tidlegare undersøkingane har hovudsakleg vore retta mot innmarksarealet (Jordal & gaarder 1995; Gaarder et. al 2001; Norderhaug et. al 2004). Gjennom arbeidet ønska ein å etablere ei forståing av bruksutnyttinga på Skageflå som representant for hyllegardane i Storfjorden, og å sette dette inn i samanhengen med bruksystema som elles vart nyttå på Vestlandet og landet forøvrig. Målsetninga med dette arbeidet er derfor å gjennomføre ei heilskapeleg registrering av kulturlandskapet på Skageflå der både kulturminne, kulturmarker og biologiske verdiar inngår. Som den del av dette vil ein også vurdere verdien av eventuelle kulturmarkslokalisiteter med tanke på eventuell framtidig restaurering og skjøtsel. Det er viktig at slike lokalitetar vert valde ut med omhug slik at dei til saman utgjer ein heilskap saman med dei restaurerte bygningane og andre kulturminne, og dermed samla sett synleggjer heile den historiske bruksutnyttinga. Dette vil gje eit eventuelt restaurerings- og skjøtselsarbeid betydeleg større verdi. Skageflå peikar seg på mange måtar ut som særskilt godt eigna til ei slik satsing.



Figur 1.4. Ved Littlesætra finn ein nokre gamle seljer som truleg har vore styvd og framleis ber spor etter den tidligare bruksutnyttinga.

2. Metode

2.1 Kartarbeid og avgrensing av skoggrense

Våren 2008 førelåg ortofoto produsert av Statens Kartverk som også dekker Skageflå. Ortofoto byggjer på serie opptatt i 2006, og vart nytta som grunnlag i det vidare kartarbeidet. Stadnamn følgjer stort sett Ørjaseter (1991), men er justert og supplert i samarbeid med Ingolf Mølseter, Olav Kjell Homlung og Odd Nordmann Hoff. Kulturmarkene, stiar og fleire av kulturminna vart samstundes kartfesta ved ein kombinasjon av data innhenta frå flyfoto og GPS. Det vart og henta inn historiske flyfoto som vart granska for å finne fram til opne grasmarksområdar og eventuelle anna område som er sterkt prega av skjøtselsaktivitet.

Omtrentleg skoggrense på Skageflåsida av Geirangerfjorden vart avgrensa frå flyfoto i 1960 og samanlikna med tilsvarande flyfoto frå 2006. Det vert i dagens fagterminologi skilt mellom skoggrense og tregrense. Skoggrensa er definert som øvre grense av samanhengende tre som er meir enn 3m høge og dekker arealet i ein avstand som ikkje overgår 30 meter mellom enkelttre. Tregrensa vert trekt ved øvre grense for enkelttre som har ei høgde på 2m eller meir. Tregrensa vil derfor i hovudsak vere klimatisk betinga, mens skoggrensa i større grad er påverka av beiting og den tidlegare arealbruken og er ofte som ei følgje av dette pressa nedover. Når tal beitedyr i fjellet vert redusert, slik som tilfellet er mange stader i dag, vil skoggrensa krype oppover og nærme seg tregrensa. I område med historisk mykje dyr på beite vil det vere stor høgdeforskjell mellom skog- og tregrense, mens det motsette vil vere tilfelle der beite- og bruksintensiteten har vore mindre. Når skoggrensa over tid syner raskare stigning i enkeltområde enn andre nærliggjande vil dette derfor kunne tolkast som om kulturtrykket her har vore meir intensivt tidlegare.

2.2 Synfare område

Utnarka på Skageflå har stor utstrekking og vart synfare i fleire omgangar så langt tid og ressursar strekte til. Sætervollane og andre opne grasmarker på flyfoto frå 1960 og område som er nemnt av kjeldetilfanget vart prioritert saman med område som kunne kaste lys over bruksutnyttinga.

Skageflåhylla med Littlesætra, Skagedalssætra og Tverrbakksætra vart synfare i juni og september 2007 samt august 2008. Bjønnstisætra vart synfare ved besøket i september. I august 08 vart området frå Øvstelia via Grønhammarflåna til Skagedalen delvis gjennomgått. Ved dette besøket vart også områda i Skagedalen vest for Geitelva og dei tidlegare slåttemarkene på Prekestolen inkludert. Områda ned mot fjorden og dei mange store og små fjellhyllene er ikkje oppsøkt. Det er heller ikkje dei indre delane av Skagedalen.

2.3 Registreringar

Alle bygningsrestar som vart påvist innafor dei prioriterte areala vart fotodokumentert og målt opp. Dersom ikkje anna er oppgitt er det dei indre måla som er gitt. Alle sætervoller samt dei viktigaste utslåttområda på og ovafor Prekestolen som dei inn mot Littlesætra vart inventert med siktet på å gi ei generell vurdering av deira tilstand og eventuelt potensiale for restaurering. På grunn av det store arealomfanget vart det ikkje gjennomført systematiske ruteanalyser eller søkt spesielt etter sjeldsynte eller raudlista arter. Plantenamn følgjer Lid & Lid (2005).

3. Bruk av utmark i busetnadshistoria

Detaljerte opplysningar om busetnad og driftsomfang innhenta frå matrikkelen og andre historiske kjelder er gitt i Del 1 av denne rapporten. Det er få opplysningar i dei tidlege kjeldene om sætrane og den tidlegare utnyttinga av utmarksareala. Nils Syltevig gjorde ei registrering av sætrane i området på vegne av Institutt for samanliknande kulturforsking i 1934. Originalmaterialet frå denne registreringa har dessverre ikkje vore tilgjengeleg, men materialet er gjengitt i Lillebø (1993). Til Skageflå var det registrert to sætrar, den eine vart kalla Storelvbakk og låg 3 km sv for garden. Dette var ei sommarsæter og den var nedlagt. (Det var også garden på den tida). Den andre låg noko nærrare, om lag 2,5 km sv for garden og i ei høgd på 400 m.o.h. Den vart kalla Skageflåsætra og var også ei sommarsæter og var også nedlagt. Dersom ein antar at fastsetjing av høgde over havet er riktig, så er truleg tuftene etter sætrene som i dag vert kalla Skageflåsætra og Littlesætra (eller Skageflålittlesætra) samanfallande med det som vart registrert som sætrer av Syltevik i 1934. Dei ligg høvesvis 2 og knapt 1 km i luftlinje om lag rett sør for Skageflå. Det som vert kalla Skageflåsætra i dag vart såleis kalla Storelvbakksætra på den tida. Den tredje sætra til garden, Tverrbakksætra, vart ikkje med i registreringane truleg på grunn av at den hadde vore lenge ut av bruk. Elles syner Sylteviks registreringar at det låg to sætrar til dei aller fleste hyllegardane langs Geirangerfjorden. Unnatak er Ljosura og Blomberg som begge hadde berre ei og Gomsdalen som ikkje hadde sæter, mens ingen av gardane hadde fleire enn to i følgje desse registreringane. Den høgstliggjande sætra finn ein til Horvadrag som hadde ei sæter heile 1100 m.o.h. Elles i kjeldetilfanget frå tidleg i førre hundreår er Skagedalen nemnd som ein verdifull ressurs til garden mellom anna hos Hole (1905).



Figur 3.1 Skageflåsætra låg fint til i Skagedalen opp mot skoggrensa. Ein framleis ganske open stor setervoll vitnar om ei omfattande bruksutnytting i dette området.

Namnet Bjønnstisætra er truleg av nyare dato, men namnet indikerer at den vart betrakta som sæter. Truleg er dette meir snakk om sommarfjøs. Sofie Dypvik, som var i teneste på Skageflå frå 1901 – 1904 og såleis har direkte brukserfaring frå garden, omtalar i midlertidig dette som sommarfjøs (Ansok 1980). Frå same tidsperioden vert Littlesætra, som også berre hadde driftsbygninga, omtala som sæter av Rikard Mølsæter (Ansok 1985). Dette var nok ei vårsæter. Det er nokre usikre teikn til restar av to andre mindre bygninga på vollen ved Littlesætra, så den kan ha hatt ei anna bruk tidlegare.

I si bereting frå livet på Skageflå fortel Rikard Mølsæter også om setring på Skageflå den siste tida og slått i utslätter, der spesielt slåtten oppe på Grønhammarflåna vert nemnd som strabasiøs og avsides. Også Olav Kjell Homlung (pers. med) fortel om slått på sætervollen ved Littlesætra og utslåttene kring garden fram til 1960- åra. Utanom bøgarden var det fritt fram for partseigarane etter behov. Randsonene kring innmark, utslåttene mot Littlesætra og sætervollene er såleis dei grasmarkene der ein har hatt lengst samanhengjande kontinuitet i arealbruk og vegetasjonsdekke, og det er derfor også der ein kan forvente å finne størst artsrikdom i plantesamfunnet.

4. Kulturhistoriske og biologiske verdiar i brukslandskapet utanfor innmarka på Skageflå

Gjerdesystema er viktige for å kunne forstå den tidlegare bruksutnyttinga og korleis landskapsrommet ein gong har vore funksjonelt inndelt. Dette er også tilhøve som har betydning for botanisk artsmangfald der det er viktig å kunne skilje mellom slåttemark og beitemark. Bøgarden som ein gong skilde innmarka på Skageflå frå utmarka er lite synleg i dag, og det er derfor ikkje mogeleg å etablere ei fullstendig forståing av kor utmarksgrensa ein gong har gått. På eit tidleg foto kan ein sjå ein større oppmura garde der fjøset på Nedstegarden i dag står (Gjerding 1935). Dette har truleg tent som ein geil inn mot det eldste fjøset. Truleg har stein frå denne geilen vore nytte under bygging av det nyaste fjøset. Mellom tunet og Flatåkeren finn ein nokre restar av det som må ha vore den tidlegare bøgarden, dette er ein indikasjon på at nærområdet på Skageflå vart beita delar av året. Øvst startar denne garden i eit berg og følger ei steinrøys nedover før den forsvinn. Lengre ned mot köyrevegen midt i den vesle granplantinga få meter sør for husa på Skageflå finn ein att fleire restar av garden. Til saman gir dette ein god indikasjon på at dette må ha vore bøgarden mot sør.

Mot nord er terrenget noko vanskelegare og det tidlegare gjerdesystemet vanskelegare å tolke. I Littlelia inn mot Prekestolen ligg ein steingarde og ein kan finne restar av noko som kan tolkast som eit gjerde i overkant av Svøra. Dette antyder at det har vore beita også her. Fleire langsgåande bratte berg har truleg vore nytta som stengsler tidlegare i dette området. Øst for garden peikar Øvstelia med Bjønnstisætra seg ut som eit viktig beiteområde. Ein finn her ein lengre grensegarde øvst i lia som er bygd saman med langsgåande berg slik at det vart danna eit langt samanhengande gjerde som strekte seg så langt sør som til Grønhammarflåna (Fig 4.1).

Ut over dette så har truleg enkelte delområde vore gjerdet inne, slik som t.d. sætervollen på Littlesætra og Flatåkeren. I dag finst knapt synlege restar av steingarde kring Littlesætervollen, men ingenting kring Flatåkeren. Det kan og skuldast at ein føretrakk å nytte lettare gjelder t.d. av flettverk kring slike små areal. Flatåkeren ligg rett utanom bøgarden den er rydda og oppdyrka. Litt lengre ut finn ein det som vart kalla Steinteigen. Truleg er desse namna frå den siste epoken på Skageflå. Flatåkeren er ytterlegare omhandla i skjøtselsplanen, mens det som ein gong må ha vore Steinteigen i dag er svært attgrodd og ikkje mogeleg å avgrense i terrenget.

4.1 Bjønnstisætra og omkringliggjande område

Øvste littlelia er den store lia ovafor berget bakanfor Skageflå der stien opp til Homlungsætra går gjennom. Denne stien vert kalla Bjønnstien. Bjønnstisætra ligg som namnet antyder ved stien i om lag 470 m.o.h. Den ligg om lag rett ovafor gardsbygningane, på ei lita flate i temmeleg bratte omgivnadar med fritt utsyn til Geirangerfjorden og fjella omkring. Langs Bjønnstien passerer ein fleire område der ein restar etter i alt tre mindre bygningar som må ha vore høyloar. I Ørjaseter (1991) finn ein namnet Øvstekvia kartfesta til området rett ovafor husa på Skageflå, men nedanfor berget. Namnet kvie vart nytta om ei inngjerding for husdyr. Slike inngjerdingar vart nytta til det som Reinton (1955) kallar for ein mjølkepllass, og som mange stadar seinare gjekk over til å verte sommarfjøs. I det kartfesta området finn ein i dag restane av bøgarden i ei steinur, men det er ikkje noko som tydar på at det har vore ei heil innhegning her. Viss ein derimot ser dette i samanheng med namnet Øvste littlelia så er



Figur 4.1. Nedre del av steingarde øvst i Øvste littlelia

det truleg at Øvstekvia også låg der, slik at Øvstekvia er det som i dag vert kalla Bjønnstsætra og dermed kan ha sitt opphav i ein tidlegare mjølkeplass. Originalkartet som vart teikna saman med Lars Skageflå og lydbandopptaket som vart gjort på turen langs fjorden har dessverre ikkje vore tilgjengeleg for eventuelt å verifisere eller avkrefte dette.

4.1.1 Kulturminne og spor av bruksaktivitet i området

På Bjønnstisætra finn ein i dag murane av to bygningar som begge ser ut til å ha vore fjøs (Fig 4.2). Muren nærmest stien har eit indre mål på om lag 4,5 x 4,5 m. Innan murane som ligg nærmast stien finn ein framleis to ståande båsskilje. Bygninga har gjeve rom for to rekkjer med 5 båsar kvar dersom ein legg til grunn ei båsbredd på om lag 0,85 cm slik som på dei andre setrane (jfr kap 3.4). I den andre bygningen finn ein ikkje restar etter ståande båsskilje i dag. Denne bygningen er om lag 1 m lengre enn den andre, og vil om den har vore nytta til storfe gitt båsplass for i alt 12 dyr. Truleg har heile eller delar av denne bygningen hatt ei anna innreiing enn for storfe. Ein finn nedraste restar av ein liten mur inntil ein større stein nokre meter frå fjøsmurane.



Figur 4.2. Restane av dei to fjøsa på Bjønnstisætra.

Bjønnstisætra har ser ut til å ha vore ei rein mjølkesæter eller sommarfjøs. Den kan som nemnt ha vore lagt til ein tidlegare mjølkeplass, men det vart ikkje funne sikre teikn på at eit område har vore inngjerda i dag, men den tidligare kvia kan utgjere dagens murar. I området finn ein og fleire høyloer og ein finn nokre restar etter det som kan ha vore ein steingarde som har stengt dyra ut frå dei nedre delane av Littlelia. Den nedre garden er svært forfallen og uklar, men ser ut til å ha gått på tvers av fallretning i terrenget. Den øvre garden er betre i stand og det kan sjå ut som om denne har vore

vedlikehalde lengre. Den øvre garden går langsetter terrenghellinga. Gjennom dei mange rasglenene opphørar konstruksjonen, den er enten rast ut eller den kan ha vore erstatta av t.d. flettverk av tre på slike strekningar for å unngå at stein årleg vert ført nedover med fonna. Desse områda ligg om lag rett ovafor sjølve garden. Steingarden endar i ei røys opp mot eit langsgåande berg. Dette berget strekkjer seg meir eller mindre ubrote sørover bort til Grønhammarflåna og, sjølv om det er opningar enkelte stadar, vil den ha fungert som ei verksam sperre for at i det minste ikkje storfeet trakk til fjells. Det er i dag ikkje mogeleg å registrere at desse opningane har vore gjerda igjen. Dette ville i tilfelle vitna om eit trykk på gjerda og dermed eit høgt beitepress også i dei søndre delane av området. Det er heller ikkje teikn til eit vertikalt gjerde her, slik at ein må kunne anta at heile denne store flåna, unnateke den nedste fjellhylla, var tilgjengeleg for beitedyra, men dette var neppe det viktigaste beiteområdet ettersom det er bratt og ulendt. Dette vert også indikert av at skoggrensa ikkje har vore undertrykt like mykje her som i Skagedalen, og det er ikkje mogeleg å påvise med sikkerheit at den har krope merkbart oppover sidan 1960.

Prekestolen eller Nakkane som området tidlegare vart kalla lokalt, er ei fjellhylle nord for Skageflå ovafor den tidlegare frukthagen og Svøra. Platået er svakt skrånande mot sør, og her har det vore ein omfattande jordbruksaktivitet tidlegare. Området er tilgjengeleg frå nedste Littlelia, men mykje blokkmark og laus Stein i kombinasjon med eit høgvakse og tett feltsjikt gjer vegen til dels svært vanskeleg i dag. Ein steingarde sperrer mot Nedste littelia der fjellhylla er på det smalaste før den vidar seg ut og formar det som er sjølve Prekestolen og indikerer at dette har vore avsperra for beitedyra (Fig 4.3). Spreidd over storparten av hylla finn ein små rydningsrøyser (Fig 4.5). Lengst i sør finn ein også ei større sirkulært oppbygd røys. I denne røysa og likeins i ei røys som er lagt opp i ei sprekk i berget finn ein mykje småstein som kan indikere open åker tidlegare. Med sin sørlege eksposisjon og lune beligging under eit soleksponert berg som vil fungere som eit varmemagasin verker dette også sannsynleg. Utfordringa vert sjølvsagt å få transportert gjødsel fram til området, men det ser ut til å ha vore arbeidd ein driftsveg fram til området tidlegare (Fig 4.4). Ein kan også finne rydningsrøyser lengre sør i Littlelia, utanfor garden. Dette indikerer at desse delane både har vore slått og beita. Olav Kjell Homlung fortel at dei slo oppe på Prekestolen mens dei dreiv slått på Skageflå. Det gjekk da ein løypestreng fra Prekestolen og fram til tunet på Skageflå (Fig 4.6). Løypestreng kom i bruk mot slutten av 1800-talet, men vart ikkje vanleg før kring hundreårskiftet (Reinton 1955).



Figur 4.3. Ved inngangen til området oppå Prekestolen finn har det vore mura opp ein steingarde som delvis framleis er intakt.

Figur 4.4. Frå steingarden og inn til området er det oppmura ein kort driftsveg.





Figur 4.5. Rydningsrøyser på Preikestolen



Figur 4.6. Ved kanten av berget ned mot Skageflå er det reist ein liten mur, truleg i forbindelse med at det vart etablert løypestreng ned til garden.

4.1.2 Biologiske verdiar

Sætervollen på Bjønnstisætra er dominert av bringebær (*Rubus idaeus*), stornesle (*Urtica dioica*) og eit høgvakse feltsjikt, og har slik den framstår i dag liten biologisk verdi som kulturmark. Bjørk har i stor grad invadert den opphavlege vollen, men har i den seinare tida vore rydda vekk på dei sentrale delane. Utslåttane på Preikestolen og i nedre delar av Øvstelia er i dag dekt av storvaksen, glissen bjørkeskog. Det er framleis godt grasdekke i feltsjiktet. Hovudtyngda av urter ligg på arter som trivst i open lauvskog, slik at området ikkje kan klassifiserast som verdifull slåttemark. Ein bør unngå hogst i desse områda.



Figur 4.7. Skageflå med Bjønnstisætra
og områda kring

4.2 Skageflålittlesætra og områda sør på Skageflå

Littlesætra (Fig 4.8, 4.12) ligg lengst sør på den same fjellhylla som gardstunet på Skageflå i ei høgde på om lag 430 m.o.h., og råsa frå gardsbygningane til sætra har derfor berre ei slak stigning på i alt 200 m (Fig 4.12). Dette har truleg vore vårsætra på Skageflå. Sjølv om sætra ligg høgre til fjells enn sjølve garden har den på grunn av topografiske tilhøve betre innstråling frå sør enn sjølve garden, dette er spesielt viktig for vårveksten. Det er av den grunn mindre forskjell i vekstvilkåra mellom garden og dette området enn kva høgdeforskjellen tilseier.



Figur 4.8. Frå ruinane på Littlesætra. Dette frå driftsbygninga lengst ut. Heile dette området er sterkt prega av gjengroing og murane på denne bygninga er i ferd med å rase saman.

4.2.1 Kulturminne og spor av bruksaktivitet i området

Ein finn restane av fleire bygningar i dette området, slik at heile dette området ser ut til å ha vore viktig medan garden var i drift. Det har vore to driftsbygningars som ligg i ein avstand av om lag 100 m. frå kvarandre. Begge murane er sirleg oppmura, spesielt den nordre. I området omkring finn ein dessutan restar av fem andre mindre bygningar som alle er nedraste. Truleg har alle, kanskje bortsett frå ei, vore høylører.

Den nordlegaste muren (Fig 4.9) måler om lag 8 x 4 m innvendig og er innreia med båsskilje av reiste steinheller som er halde fast ved å vere gravd noko ned i grunnen og av utsikkande treskier som er murt inn i muren på begge sider av hella. Det ser ut til å vere nytta to storleikar på båsane i fjøset, den største typen har ei breidd på 95 cm. Av denne er det tre stk. Den minste typen måler 65 cm, av denne finnes fire stk. I nerkant av sætervollen finn ein restar av det som truleg har vore nok ei bygning. Desse restane let det seg ikkje gjere å måle opp, og det let seg heller ikkje avgjere kva slags bygning dette har vore.



Figur 4.9. Murane etter den inste driftsbygningen er knapt synleg i skogen, men delar av sætervollen er framleis open etter å ha vore rydda.

Om lag 100 m lengre ut (sør) finn ein restane av to andre bygningar(Fig 4.8). Størst av desse har vore ei fjøsbygning. Den måler om lag 7,5 x 4,5 m utvendig, i tillegg finn ein eit lite påbygg. Kun to av båsskilja er framleis ståande i denne fjøsbygningen. Nært desse murane ligg det uklare restar etter det som truleg har vore nok ei bygning. Dette er ei mindre bygning som mest truleg har vore ei høyløe ettersom høgda på grunnmurane ser ut til å ha vore lav, og i tilegg har vore lite forsegjort.

Littlesætra vart mest truleg nytta som vårsæter. Den ligg berre ein halv times gange frå gardsbygningane, slik at det er lett å gå fram og tilbake morgen og kveld for å mjølke dyra og samstundes frakte produkta tilbake til garden. Ved å stenge dyra inne over natta fekk ein samla gjødsla slik at ein kunne nytte denne til å gjødsling av dei omkringliggjande slåttemarkene.

Sætervollen og områda omkring har vore slått. Dette har såleis vore ei slåttesæter. Ein finn nokre mindre rydningsrøyser og det er grave ei mindre avskjeringsgrøft for å ta unna vassiget frå lia ovafor på den ytterste vollen. Inntrykket av at dette har vore ei slåttesæter vert forsterka av at heile sletta kan sjå ut til å ha vore inngjerda med ein steingard, men denne er rasa saman over lange strekningar, noko som gjer sikker tolking vanskeleg. Det kan og sjå ut som om ein oppmura geil har leia fram mot den framste av fjøsbygningane.

Ved Furhaugen, nord for Littlesætra, finn ein også tydelege teikn på slått og hausteaktivitet. Nedanfor ei lita myr, Skogamyra, finn ein ei høyløe (Fig 4.10) og det som truleg er restane av ein løypestreng. Myra må derfor ha vore ei slåttemyr og har ein storleik på 1,2 daa. Høyløa har eit ytre mål på om lag 4x4 m. Olav Kjell Homlong minnast at denne høyløa framleis stod då dei slo på Littlesætra, og at den vart stappa full av høy frå myra og slåttemarka omkring. I dag finn ein framleis ein god del trematerialer blant restane, og ein kan sjå at ein del av materialet har vore hogde til mens andre er sagde, den har truleg vore reist med ei blanding av nytt og gammalt virke. Ein finn og nokre trenaglar i virket. Taket har vore tekt med never og torv. Opp ein bakke litt nærmere Littlesætra finn ein nye slåttemarker der det har vore to høyløer. Den eine har vore ganske stor og kvadratisk på om lag 4x4 m innvendig (Fig 4.11). Den andre er mykje meir utsydeleg og usikker, og ligg litt nedanfor. Det er ingen teikn til dyrking på slåttemarkene utafor, men dei er relativt slette, noko fuktige og i dag gjengrodd av lauvskog. Frå Furhaugen gjekk det løypestreng til garden.



Figur 4.10. Høyløa nedanfor Skogamyra.




Figur 4.11. Restane av ei anna høyløe i same område.

4.2.2 Biologiske verdiar

Ein storvaksen blandingskog av bjørk (*Betula pubescens*) og selje (*Salix caprea*) har grodd opp langs kantane av den tidlegare sætervollen og er i ferd med å dekke både kulturminna og dei opphavlege kulturmarkane. Det er føreteke noko rydding av nokre mindre tre inne på sjølve vollen. Den sørlegaste vollen er sterkt prega av fuktvegetasjon i dag. Den tidligare avskjeringsgrøfta opp mot lia har gått tett, og heile vollen er i dag dominert av skogsnelle (*Equisetum sylvaticum*), stjernestorr (*Carex echinata*), slåttestorr (*Carex nigra* ssp. *nigra*), torvull (*Eriophorum vaginatum*) og myrfiol (*Viola palustris*). I tilknyting til den nordlege driftsbygningen finn ein ei lita slette som framleis kan karakteriserast som slåttemark. Lokaliteten er forholdsvis tørr. Hundekvein (*Agrostis canina*), engkvein (*Agrostis capillaris*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), raudsvingel (*Festuca rubra*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa* ssp. *cespitosa*), veitistel (*Cirsium vulgare*), harestorr (*Carex capillaris*), engfrytle (*Carex capillaris*), småengkall (*Rhinanthus minor*), ryllik (*Achillea millefolium*) og tepperot (*Potentilla erecta*) er dei viktigaste artane i engsamfunnet. I skogkanten kjem artar som lundrapp (*Poa nemoralis*) og skogrøyrkvein (*Calamagrostis purpurea*) inn, her kan ein også finne orkideane skogmarihand (*Dactylorhiza fuchsii*) og korallrot (*Corallorrhiza trifida*). Nærast ruinane er innhaldet av nitrofytta aukande, og det er først og framtid bringebær og stornesle som dominerer.

Dei tidlegare slåttemarkene i tilknyting til høyloene er også dekt av ein open lauvskog der bjørk og selje dominarar. Feltsjiktet er grasrikt, men ein finn få urter som er typiske engarter i området. Innhaldet av urter i den vesle slåttemyra er beskjedent og består utelukkende av trivuelle artar som myrfiol, skogstjerne (*Trientalis europaea*), tepperot, tettegras (*Pinguicula vulgaris*) og flekkmarihand (*Dactylorhiza maculata*). Gjengroingsarter som gråor (*Alnus incana*) og bjørk tyder på at myra er i ferd med å gro att med skog.



Figur 4.12. Skageflålittlesætra og områda kring

4.3 Skageflåsætra

Skageflåsætra ligg litt opp frå dalbotnen i Skagedalen omlag 650 m.o.h (Fig 4.13, 4.19, 4.20) Tuftene ligg vestvendt til på nokre mindre grusavsetjingar og er omgitt av ein større open sætervoll og småvokst skog av bjørk. Skageflåsætra har vore ei fullsæter der ein både har mjølka og ysta. Sofie Dypvik (Ansok 1985) var budeie på ei av sætrane inne i Skagedalen nokre dagar fyste sommaren ho tente på Skageflå, og fortel at det var to sel i bruk den gongen. Dette var i truleg sommaren 1903, det året Rasmus, far til Rikard Mølseter, kjøpte garden.



Fig 4.13. Restane av Skageflåsætra

4.3.1 Kulturminne og spor av bruksaktivitet i området

Bygningsmassen består av i alt fire bygningar der berre murane og restar av dei neste omfara står att i dag. Selet (Fig 4.14) har hatt eit indre rom på 3,30 x 6,40 m. Høgste murhøgde er 1,60 og muren har ei tjukne på mellom 60 og 70 cm. Framleis er rester etter første og andre omfar synleg, i desse er det nytta heimsmidd spikar. Det er to lysopningar mot vest og ei oppmura grue der røykrøret fortsett står i full høgd (Fig 4.15), men ser ut til å kunne falle saman i løpet av kort tid. Det er nytta noko mørtel til muring av grua og det er rom for ei stor ystegryte. Nedanfor og inntil selet er det mura opp ei mindre innhegning i ei lengd av ca 8x8 m. Rikard Mølseter (Ansok 1985) fortel at dei ikkje hadde hus til alle geitene på den tida, og derfor brukte å gjerde dei inne i ei kve gjennom natta. Det er mogeleg at dette er innhegninga der geitene vart samla gjennom natta sjølv om den nok ikkje er stor nok til å ha gitt rom for heile den store geiteflokkon på den tida.



Figur 4.14. Restane av sæterbua der dei to nedste omfara framleis er delvis intakte. Nedanfor finn ein restane av eit kve der geitene truleg vart stengde inn over natta. Eit høgvakse feltsjikt av nitrofylltar tydar på at det framleis er rikt nitrogenoverskot innafor det tidlegare kveet.



Figur 4.15. Detaljar frå stovebygninga.



Fjøset (Fig 4.16) ser ut til å ha vore noko spesielt ettersom det ser ut til å ha bestått av to etasjer. Nedst på bakkenivå finn ein kufjøsen der berre eit båskille framleis er ståande. Fjøsrommet har målt 3 x 6 m, og ville gitt rom for 12-13 storfe. Det er framleis mogeleg å sjå restar av etasjesillet i ei høgd på om lag 1,25 m. over det som i dag dannar golvet. Høgste murhøgd vart målt til 2,75 cm og muren har jamt over ei breidde på 80 cm. Det er fem lysopningar i vestveggen, tre i 1. etg og to i 2. etg. Nokre av steinane har svake spor etter bor og det må ha vorte føreteke ei seinare restaurering av sæteranlegget. Til andre etasje fører ei murt låvebru (Fig 4.17) Truleg har andre etasje vore nytta til høylager, j.fr den vide dørropninga.



Figur 4.16. Det er formidable dimensjonar på murane etter driftsbygningen. Ein kan framleis sjå spor etter bor i enkelte av dei største steinane, noko som vitnar om at bygget nok stammar frå den seinare tida og at det også da vart satsa på sæterdrift.



Figur 4.17. Driftsbygningen har hatt to etasjar. Til andre etasje er det mura opp ei lita låvebru.

Dei to andre bygningane på Skageflåsætra er mindre (Fig 4.18), og murane i desse er mindre forseggjorte. Den nedre bygningen har vore om lag kvadratisk og målt 3,5x3,5 m. Deler av nedste omfar er framleis intakt, og det har vore nytta stor heimsmidd spikar i bygningsarbeidet. Den øvre bygningen er avlang og har hatt eit rom som har vore om lag 2,5x 5 m. Murarbeidet her er lite forseggjort og ein finn ingen tømmerrestar her. Kva desse har vore nytta til let seg ikkje klårt avgjere ut i frå dagens bygningsrestar. Dette kan også vere restane av eldre bygningar. Sofie Dypvik (Ansok 1985) sætra her oppe ein sommar og ut frå hennar forteljing kan det tyda på at det var to sel til sætra på den tida. Ut frå dei andre funna så tyder bygeskikken på at høyløene vart utforma kvadratisk, mens sæterbua og husdyrromma fekk ein rektangulær utforming.



Figur 4.18. Dei andre to bygningane er av ukjent bruk. Den øvste (til venstre) er delvis nedrast og murane her mindre forseggjort. Det kan derfor tyde på at dette er ei eldre bygning og at den har tent som husdyrrom. Murane til høgre er meir forseggjort og kvadratisk. Dette kan være det andre selet, men dersom dette er tilfellet skil det seg frå den vanlege bygeskikken i området.

Høyloftet på fjøset indikerer at dette har vore ei slåttesæter. Det er i midlertidig ingen synlege rester etter inngjerding av sjølve sætervollen. Ein kan derfor anta at det er høy frå utslårte som har vorte transportert hit som eit mellomlager før det vart frakta vidare ned til gardshusa i løpet av haust eller vinter. Truleg er det slåtten frå dei store myrområda opp mot fjellet som vart frakta hit, men også høy frå området sør og vest for Geitelva der det også ligg store myrområde. Det er ikkje funne noko berettingar om dette, men ein finn restane av ei bru og ein oppmura veg eit lite stykke på andre sida av elva her. Hole (1905) nemner og ein episode med nokre geitekillingar som ein gong gjekk seg fast på ei flå opp mot toppen på Gjerklandsegga og måtte hentast ut med tau, slik at desse områda vart nok også beita.





Figur 4.19. Sætervollen på Skageflåsetra ligg i dag godt nedanfor skoggrensa, men medan det vart sætra her må den ha ligge godt ovanfor.

Avgrensing av skoggrensa frå flyfoto frå 1960 syner at den gjekk lengre ned enn i dag, heilt ned mot kote 640 m (Fig 4.20). Til samanlikning følgjer den i dag om lag 800 m kota. Dette er ein markant større differanse enn i dei andre områda, noko som kan indikere at beitetrykket historisk sett har vore sterkare i desse områda enn i andre. Det må understrekast at tolking av skoggrense er usikker ut i frå historiske flyfoto, jfr definisjonen på skoggrensa (j.fr kap 2.1). Gjengroingshastigheita vert også påvirka av lokalklimatiske tilhøve. Antakinga om at skoggrensa har vore meir undertrykt i dette området vitnar om ein sterkare mennskeleg påverknad over tid i dette området, og må komme som ei følge av vedhogst etterfølgd av kraftig beiting. Ei fullsæter brukte store mengder ved til brensel i den daglege ystinga. I tilegg til dyra frå Skageflå så hadde også ”Homlingane” beiterett i Skagedalen i bytte mot uttak av leire frå fjæra på Homlung (Ansok 1985). Det vart under synfaring ikkje påvist nokon øvre inngjerding i Skagedalen, bortsett frå ein kort steingarde øvst i ei kløft opp mot Nibba. Det ser ut til å ha vore opning til ei grind i garden, så det har truleg vore ein sti gjennom denne kløfta. Steingarden kan ha tent som ei sperre mot at dyra skulle trekke nordover og over til Grønhammarflåna og vidare nordover, men den kan òg vere reist i seinare tid for å hindre at dyra på Homlungaetrane reiste ned i Skagedalen. Grønhammarflåna består hovudsakleg av ei større jordvassmyr som drenerer til Steinteigbekken.

Sæterdrifta vart oppretthalden på Skageflåsetra fram til garden vart fråflyttta. Kva som skjedde her etter dette er uklart, men det er sannsynleg at området har vore sporadisk beita av sau så lenge det har vore sau frå Homlunggardane på beite i fjellet.

4.3.2 Biologiske verdier

Sætervollen ser i første rekke ut til å ha vore beita, og det er eit stort område på knapt 2 daa som framleis er ope. I vegetasjonen finn ein ei blanding av gjengroingsarter og beitebetinga naturengarter. Sølvbunke, finnsjegg (*Nardus stricta*), engkvein, engsyre (*Rumex acetosa*), raud jonsokblom (*Silene dioica*) og tyrihjelm (*Aconitum septentrionale*) er eksempel på arter som førekjem og indikerer langvarig beitepåverknad. Stadvis høgt næringsinnhald vert indikert ved nitrofyttane bringebær og stornesle, desse finnast hovudsakleg nært husa der ein har fått akkumulering av næringemne i forbindelse med drifta. I aukande avstand frå husa aukar også innslaget av lyng kraftig, og det er spesielt blåbær (*Vaccinium myrtillus*) som dominerer. Blåbær er indikator for begynnande gjengroing.



Tegnforklaring	
Vegetasjon	
Engvegetasjon	(Yellow)
Lauvskog	(Light green)
Bladingskog, plantefelt	(Dark green)
Ur, steinheys	(Grey)
Bart berg og bergvegetasjon	(Light grey)
Myr	(Blue)
Sø og vann	(Light blue)
Øpne område 1960	(Green line)
Skogsgrense 1960	(Green line)
Dagens skoggrense	(Blue line)
Kulturminner	
Restar av sæterhus	(White square)
Heyløe og andre bygninger	(Pink cross)
Sti	(Dashed line)

Figur 4.20. Skagedalen med Skagedalssætra og Tverrbakksætra

4.4 Tverrbakksætra/ Tverrabøsætra

Tverrbakksætra (Fig 4.20, 4.21) er den høgast liggjande sætra tilhøyrande Skageflå. Den ligg på ein større grusrygg sør for Tverrelva 825 m.o.h. heilt oppunder det som i dag er grensa til lågalpin sone. Frå husa og ned til Tverrelva er det ein høgdeforskjell på omlag 30 m. Husa ligg i grov blokkmark, noko som har vorte nytta i sjølve konstruksjonen på ein sers spesiell måte ved at søndre gavlvegg består av ei stor, naturleg blokk både på selet og på fjøset (Fig 4.22, 4.23). Dette gir både bygningane god beskyttelse for vær og vind og gjer at dei må ha falle inn i omgivnadane på ein svært spesiell måte.



Figur 4.21. Tverrbakksætra, selet ligg øvst medan løa ligg nede til høgre.



Stadvalet opnar for mogelegheita til å unytte dei vidstrakte beita innover Skagedalen avgrensa av Tverrelva i nord, Gjeitelva i vest og høgfjella i sør og aust. Dette er eit snørikt dalføre med ein svært kort vekstsesong, slik at det truleg berre er få veker i juli og august det vart setra på Tverrbakksætra. Men, ved å flytte dyra opp til desse områda oppnådde ein tilgang til friske beiter med ungtrøt gras som er ein viktig ressurs for å oppretthalde ein god produksjon. Det er ingen teikn til inngjerding, slik at dette må ha vore ei rein beitesæter.



Figur 4.22. Selet sett framifrå.

4.4.1 Kulturminne og spor av kulturaktivitet i området

Det er rester etter to bygningars på Tverrbakksætra. Stova (Fig 4.23) ligg øvst og består av ein særdeles forseggjort mur og restar av første omfar, i treverket finn ein nokre større heimesmidde spikrar. Ytre mål er omlag 4 x 11 m, murbreidd er 50-60 cm slik at dei indre måla vert 3 x 10,5 m. Høgda på mønsås vert vurdert til å ha vore i overkant av 3 m ut i frå restane av gavlvegg. Det er ein storre opning for dør med lysopning på kvar side. Ein finn ei større grue som har hatt rom for to store ystegryter på østveggen rett ovafor døra. Døropningen har vore usedvanleg brei, og det kan sjå ut som om at det har vore ein skiljevegg midt på gruva slik at dette i røynda har vore to sel, eit til kvar av huslydane på Skageflå. I ytterveggen finn ein to lysopningar. Opninga i desse er skrådd innover til sides for å betre lystilhøva inn mot kvart sitt hjørne. Ytre lysopning har vore 60 x 60 cm. Grua ligg midt på den eine langveggen rett ovafor inngangsdør, og har bestått av to kokeplassar med felles røykrør. Framleis ligg fleire grove jernringar i grua, men det meste er rasa saman.



Figur 4.23. Detaljar frå selet på Tverrbakksætra. Sætra ligg i ei blokkmark, i det øvste bildet ser ein korleis bergknausen bak har utgjort den eine gavlveggen. Det store bildet syner murane sett ovafrå og ein ser restane etter den store grua sentralt i rommet. Til høgre ser ein restane av nedste omfar, og ein ser at dimensjonane på virket ein har hatt til rådvelde ikkje er imponerande. Truleg har det her vore nytta virke av lauvtre.

Fjøsmurane (Fig 4.24) har gitt eit rom på 3,70 x 4 m. Dei er mindre forseggjort enn murane på selet. Fleire av dei store hellene som vart nytta som båsskilje er framleis ståande (6 stk), og ein kan telje 10 båsplassar i alt (Fig 4.25). Skilja har vorte haldne oppe med trepinnar stokke inn i mellom steinane i muren. Mange av desse pinnane er framleis haldbare, men der vatn har fått komme til er dei i ferd med å rotne. Golvet er hellelagt. På den eine langveggen er heile båsrekka framleis ståande, og båsbreidda måler 80-83-90-52-120 cm. Den inste båsen har ikkje full høgde i heile breidda på grunn av at gavlveggen endar i ei helle som skrår innover i rommet. Langs den andre veggen er to båskiller ståande, men ein kan i tilegg sjå restar av støttepinne, slik at båsane har hatt følgjande mål: 86-86-90-83 + ein bås av uklar breidde. Før retrukken båsbreidda ser såleis ut til å ha vore mellom 80 og 90 cm. Dette er verdifull informasjon som ei kan nytte for å verifisere omfanget av husdyrhaldet når dei forskjellige fjøsa vart bygde og eventuelt også danne seg eit grovt anslag om når sætra var i bruk gjennom å jamføre desse tala med opplysningane ein finn i matrikkelen. Av det som har kome fram etter gjennomgang av matrikkelen (Del 1) ser ein at ein mot slutten av 1800-talet hadde 16-17 kyr på garden, medan det i 1724 berre var 8. Mellom dette har ein ikkje funne nokon opplysningar om driftsomfanget på garden, så tidspunktet for den ekspansjonen ein her ser er ikkje kjent. Det såleis grunn til å tru at Tverrbakksætra gjekk ut av bruk når driftsomfanget auka, truleg i samband med restaurering av fjøset på Skageflåsætra. Eventuelt kan ein også ha valt å dele opp buskapen mellom dei to sætrane. Restane ein finn her er forholdsvis intakte, slik at Tverrbakksætra neppe har vore ut av bruk mykje lengre enn dei andre. Det er på denne bakgrunn grunn til å anta at ekspansjonen i driftsomfanget har komme seint, kanskje heilt inntil den oppteljinga i 1865.



Figur 4.24. Restane av fjøsmurane. Også her har også ei stor naturleg blokk vore nytta som gavlvegg.



Figur 4.25. Innreiinga er framleis bortimot intakt og ein kan telje i alt 10 båsar.

I fjøsmurane finnест det ikkje spor etter det tidlegare taket som normalt sett ville ha dekka hellene og truleg også rive ned båsskilja da det rasa saman. Taket må derfor ha vore fjerna ein gong i tida, truleg har materialane vorte nytta i forbindelse med restaurering av sætrane på Homlung etter at gardsdrifta på Skageflå vart avvikla. Det kan også ha vorte flytta ned til Skagedalssætra i løpet av dei siste driftsåra da driftsbygningen der vart restaurert.

4.4.2 Biologiske verdiar

Sætervollen er liten og dårlig utvikla på Tverrbakksætra, noko som truleg har samanheng med kort brukshistorie og at det er lenge sidan opphør av drift. Engvegetasjonen er sparsam og vert dominert av finnsjegg (*Nardus stricta*), sølvbunke, gulaks og fjellmarikåpe (*Alchemilla alpina*), men ein finn også fjelltimotei (*Phleum alpinum*) og harerug (*Bistorta vivipara*). Omkringliggjande vegetasjon vert dominert av bjørk og lyngartar, der blåbær er vanligast.

5. Konklusjonar

Til saman vart det registrert 15 sikre og 3 usikre restar etter bygningar med stort og smått i det inventerte arealet utanom innmarka. I tillegg veit ein at det låg nokre bygningar nede ved fjorden. Alle desse bygningane har neppe vore i bruk samstundes, dette ville i tilfelle generert eit svært stort vedlikehaldsbehov. Det er vanskeleg ut i frå tilgjengeleg materiale å kunne peike på den eldste blant alle bygningane i utmarka. Reinton (1955) meiner at etablering av sommarfjøs som ei erstatting for dei tidlegare mjølkeplassane skaut fart frå kring 1820 i det meste av landet. Det er derfor grunn til å tro at Bjønnstisætra stammer frå denne tida, sjølv om Hans Strøm (1762) fortel at mange av gardbrukarane nyttar gardfjøs på Sunnmøre på den tida. På Littlesætra finn ein fleire usikre restar etter bygningar, og det kan vere at desse er blant dei eldste. Dette gjeld nok også den øvste bygningen på Skagedalssætra. Murane her er mindre forsegjort og består av mindre steinar som ikkje er tilhogde slik som den store sist nyttar driftsbygningen. Alder på dei mange bygningane og andre element i kulturlandskapet på Skageflå er eit spørsmål som det hadde vore av interesse å få fastlagt gjennom bruk av nyare metodikk.

Det er Skagedalen som peikar seg ut som det mest typiske sæterområdet med eit ganske stort areal av naturtypen naturbeitemark. Dette er det mest intakte bruksarealet i dag ved sidan av innmarka, og er også rikt på kulturminne. Området vert ikkje beita i dag og er under gjengroing, men gjengroinga ser ut til å gå seint. Når det gjeld slåttemark er det vanskelegare å finne områder der tidlegare bruk framleis pregar vegetasjonen. Slåttemarkpreget er best bevart på sætervollen ved det inste Littlesæterfjøset. Littlesætervollane, områda ved Furehaugen og arealet oppe på Preikestolen har slik det ser ut vore viktige slåttemarker saman alle fjellhyllene og dei vidstrakte myrområda opp mot fjellet. Biologisk har ingen av desse områda spesiell restaureringsverdi i dag, dei har truleg mykje større verdi viss dei vert ståande urøyrd eller berre vert svakt beita. Desse områda bør ein derfor la ligge mest mogeleg urørt dersom det vert aktuelt å vurdere skjøtsel i området, med unnatak for enkelte delområde som eventuelt kan velgast ut for å synleggjere den tidlegare driftsopplegget.

Sjølv om all bygningane har eit visst restaureringspotensiale har nok driftsbygningen på Tverrbakksætra størst kulturhistorisk verdi i og med at innreiinga i stein framleis er intakt. Sætra har dessutan flott beliggenhet og spesiell utforming. I eit heilekapeleg restaureringsperspektiv, slik Storfjordens venner har signalisert, framstår området frå innmarka og fram til Littlesætra som mest relevante i tillegg til sæteranleggene i Skagedalen med tilhøyrande kulturmarker. Her finn ein alle bygningstypane samt døme på både åkerlapper, grasslåtter, beitemarker, myrslåtter og vårsæter med slåttemark. Området er dessutan lett tilgjengeleg.

6. Litteratur

- Aas, B. & Faarlund, T. 1996. The present and the Holocene subalpine birch belt in Norway. Special issue. EFS project. European paleoclimate and Man. 13. European Science Foundation. Stuttgart.
- Ansok, S. 1980. Menneske vi møtte. Artiklar og Miljøskildringar. Stranda Sogenemd.
- Ansok, S. 1985. Eld som slokna. Stranda Sogenemd.
- Austad, I. 1998. Hagemark og lauveng på Vestlandet. I Framstad, E. & Lid, I.B.(red). Jordbruks kulturlandskap. Forvalting av miljøverdier. Universitetsforlaget, Oslo.
- Austad, I., Norderhaug, A., Hauge, L. Moen, A. 2004. An overview of Norwegian summer farming. In Bunce, R.G.H., Perez-Soba, M., Jongman, R.H.G., Gomez Sal, A., Herzog, F. & Austad, I. (eds). Transhumance and Biodiversity in European Mountains. Alterra Wageningen UR.
- Austrheim, G., Olsson, E.G.A. & Grøntvedt, E. 1999. Land-use impact on plant communities in semi-natural sub-alpine grasslands of Budalen, central Norway. Biological Conservation 87, pp 369-379.
- Gjerding, J. 1935. Øydebruk i Sunnylven og Geiranger. Trykt på eige forlag med støtte fra Nansenfondet.
- Gaarder, G., Holtan, D. & Jordal, J.B. 2001. Biologisk mangfold innafor Geiranger- Herdalen landskapsvernområde. Rapport nr 3. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga.
- Hole, E. R. 1905. Geiranger. En beskrivelse med bilder. Grøndal & Sons Bogtrykkeri. Cristiania.
- Jordal, J.B. & Gaarder, G. 1995. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal. Rapport nr 2. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga.
- Jordal, J. B. 2004. Diversity of macrofungi in seminatural grasslands of the subalpine summerfarm landscape around Dovre, Southern Norway. In Bunce, R.G.H., Perez-Soba, M., Jongman, R.H.G., Gomez Sal, A., Herzog, F. & Austad, I. (eds). Transhumance and Biodiversity in European Mountains. Alterra Wageningen UR.
- Lid, J. & Lid, D.T. 2005. (red. R. Elven) Norsk Flora, 7. utg. Det norske samlaget.
- Lillebø, P. A., (Karbø, I., Lillebø; A. & Hausa, T.) 1993. Sunnylven og Geiranger II Gard og ætt. Stranda sogelag, andre utgåve.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.
- Møre og Romsdal 2005. Forvaltingsplan for vestnorsk fjordlandskap, del nord. Høyringsutkast. Rapport 2005:5.
- Møre og Romsdal fylke 2008. Forvaltingsplan Vestnorsk Fjordlandskap, Delområde Geirangerfjorden. Rapport 2008:4.
- Norderhaug, A., Ihse, M. & Pedersen, O. 2000. Biotope patterns and abundance of meadow plant species in a Norwegian rural landscape. Landscape ecology 15: 210-218.
- Norderhaug, A., Hanssen, S. & Jordal, J.B. 2004. Storfjordprosjektet – Fagrappor om kulturlandskapet i indre Storfjorden og om utfordringer for forvaltinga. Vol1-2004. Rapport til Landbruksavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- Olsson, E. G. A. 1998., Austrheim, G. & Bele, B. 1998. Ressursutnytting og økologiske endringer i seterlandskapet. I: Framstad, E. & Lid, I.B. (red). Jordbruks kulturlandskap. Forvaltnig av miljøverdier. Universitetsforlaget
- Olsson, E. G. A. 2004. Summer farming in Jotunheimen, Central-Norway. In Bunce, R.G.H., Perez-Soba, M., Jongman, R.H.G., Gomez Sal, A., Herzog, F. & Austad, I. (eds). Transhumance and Biodiversity in European Mountains. Alterra Wageningen UR.
- Reinton, L. 1955-1961. Sæterbruket i Noreg. I-III. H. Aschehoug & Co.
- Strøm, H. 1766. Physisk og oekonomisk beskrivelse over Fogderiet Søndmør beliggende i Bergens stift i Norge. Anden part.
- Ørjaseter, L. (red) 1991. Stadnamn i Geiranger. Stranda Sogelag.

Namnekjelder:

- Olav Kjell Homlung, partshavar og tidlegare brukar av Skageflå
Ingolf Mølsæter, lokalkjent og tidlegare brukar av Skageflå
Rolf Mølsæter, partshavar og tidlegare brukar av Skageflå
Odd Normann Hoff, Stranda Sogelag.

Vedlegg 1. Registrerte karplanter på setervoller på Skageflå

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Førekomst			
		Bjønnsti sætra	Little sætra	Skagefl åsætra	Tverrbak ksætra
Blokkebær	<i>Vaccinium uliginosum</i>			xxx	
Blåbær	<i>Vaccinium myrtillus</i>	xxx	xxx	xxx	xxx
Blåklokke	<i>Campanula rotundifolia</i>	x	x	xx	
Blåtopp	<i>Molinia caerulea</i>		xxx	xx	
Bringebær	<i>Rubus idaeus</i>	xxx	xxx	xxx	xx
Bjørk	<i>Betula pubescens</i>	xxx	xxx	xxx	xx
Einer	<i>Juniper communis</i>	xxx	xx	xxx	
Engfrytle	<i>Luzula multiflora</i>	xxx	xx	xxx	xx
Engkvein	<i>Agrostis capillaris</i>	xxx		xxx	xxx
Engmarikåpe	<i>Alchemilla subcrenata</i>	xxx	xxx	xxx	xx
Engrapp	<i>Poa pratensis ssp. pratensis</i>		xx	xx	
Engsnelle	<i>Equisetum pratense</i>			xx	
Engsyre	<i>Rumex acetosa spp. acetosa</i>	xxx	xxx	xxx	xx
Finnsjegg	<i>Nardus stricta</i>			xxx	xxx
Firkantperikum	<i>Hypericum maculatum</i>		xxx	xxx	
Fjellmarikåpe	<i>Alchemilla alpina</i>			xxx	xx
Fjelltimotei	<i>Phleum alpinum</i>			xx	x
Følblom	<i>Leontodon autumnalis</i>			xx	
Gråor	<i>Alnus incana</i>	xxx			
Gulaks	<i>Anthoxanthum odoratum</i>	xxx	xxx	xxx	
Gullhavre	<i>Trisetum flavescens</i>				
Gullris	<i>Solidago virgaurea</i>	xx		xxx	xx
Harerug	<i>Bistorta vivipara</i>			xx	x
Harestorr	<i>Carex ovalis</i>	xx			
Hengeveng	<i>Phegopteris connectilis</i>	xx	x		
Hestespregng	<i>Cryptogramma crispa</i>				x
Hundekvein	<i>Agrostis canina</i>	xxx		xxx	
Hårfrytle	<i>Luzula pilosa</i>	x			
Korallrot	<i>Corallorrhiza trifida</i>	x			
Krekling	<i>Empetrum nigrum</i>				xxx
Krypsoleie	<i>Ranunculus repens</i>			xx	xx
Kvitbladtistel	<i>Cirsium helenioides</i>	xx			
Kvitkløver	<i>Trifolium repens</i>			xxx	
Legeveronika	<i>Veronica officinalis</i>			xx	
Lundrapp	<i>Poa nemoralis</i>	xx			
Stormarimjelle	<i>Melamphrum pratense</i>	xx		xxx	
Mjødurt	<i>Filipendula ulmaria</i>	xx			
Myrfiol	<i>Viola palustris</i>	xx		xxx	xx
Raud jonsokblom	<i>Silene dioica</i>			xx	
Raudsvingel	<i>Festuca rubra</i>	xxx	xxx		

Rogn	<i>Sorbus aucuparia</i>		xx	xx	xxx		
Ryllik	<i>Achillea millefolium</i>		xx	xx	xxx		
Sauetelg	<i>Dryopteris expansa</i>			xx			
Selje	<i>Salix caprea</i>			xxx			
Skogburkne	<i>Athyrium filix-femina</i>			xx	xxx	xx	
Skoggråurt	<i>Omalotheca sylvatica</i>				x		
Skogmarihand	<i>Dactylorhiza fuchsii</i>			x	x		
Skogrørkvein	<i>Calamagrostis purpurea</i>			xx			
Skogsnelle	<i>Equisetum sylvaticum</i>			xxx	xx		
Skogstjerne	<i>Trientalis europaea</i>			xx	xx	xx	
Skogstjerneblom	<i>Stellaria nemorum</i>			x			
Skogstorkenebb	<i>Geranium sylvaticum</i>			xx	xxx		
Skrubbebær	<i>Cornus suecica</i>			x		x	
Sløkje	<i>Angelica sylvestris</i>			x			
Slåttestorr	<i>Carex nigra ssp. nigra</i>			xx		xx	
Smyle	<i>Deschampsia flexuosa</i>			xx	xxx	xxx	
Småengkall	<i>Rhinanthus minor</i>			xx	xx		
Stjernestorr	<i>Carex echinata</i>			xx			
Stornesle	<i>Urtica dioica</i>		xxx	xxx	xx	xx	
Sølvbunke	<i>Deschampsia cespitosa</i>			xxx	xxx	xxx	
Tepperot	<i>Potentilla erecta</i>			xxx	xxx		
Torvull	<i>Eriophorum vaginatum</i>			xx			
Trådsiv	<i>Juncus filiformis</i>			xx	xx		
Tviskjeggveronika	<i>Veronica chamaedrys</i>	x		xx			
Tyrihjelm	<i>Aconitum septentriionale</i>			xx	xxx		
Vanleg arve	<i>Cerastium fontanum ssp. vulgare</i>				xx		
Vegtistel	<i>Cirsium vulgare</i>			xxx	xx		
Vendelrot	<i>Valeriana sambucifolia ssp. sambucifolia</i>					xx	
Vrangdå	<i>Galeopsis bifida</i>				xx		

Vedlegg 2. Bildeinnhold CD

Kode	Lokalitet	Motiv	Sted (UTM sone 32 V (MP))
G.SK1.06-01	Skageflå	Husa på Skageflå	401973, 6888342
G.SK1.06-02	Skageflå	Bakkemurer ved husa	
G.SK1.06-03	Skageflå	Øvre bakkemur Langåkeren	402015, 6887881
G.SK1.06-04	Skageflå	Øvre bakkemur Langåkeren	
G.SK1.06-05	Skageflå	Bakkemur Svøra	401985, 6888038
G.SK1.06-06	Skageflå	Bakkemur Svøra	402022, 6888096
G.SK1.06-07	Skageflå	Bakkemur ved driftsveg til Svøra	4019995, 688793
G.SK1.06-08	Skageflå	Bakkemur Svøra	
G.SK1.06-09	Skageflå	Bakkemur Svøra	402022, 6888096
G.SK1.07-01	Skageflå	Bakkemur Svøra	
G.SK1.07-02	Skageflå	Rydningsrøyser Svøra	
G.SK1.07-03	Skageflå	Rydningsrøyser Svøra	
G.SK1.08-01	Skageflå	Rydningsrøyser Svøra	
G.SK1.08-02	Skageflå	Rydningsrøyser Svøra	402031, 6888105
G.SK1.08-03	Skageflå	Rydningsrøyser Svøra	
G.SK1.08-04	Skageflå	Rydningsrøyser Svøra	
G.SK1.08-05	Skageflå	Rydningsrøyser Svøra	
G.SK1.08-06	Skageflå	Rydningsrøyser Svøra	
G.SK1.08-07	Skageflå	Rydningsrøyser Nedste Littlelia	402080, 6887959
G.SK1.10-01	Skageflå	Oppmuring Svøra	402031, 6888105
G.SK2.00-01	Bjønnstisætra	Bjønnstisætra, oversikt	
G.SK2.02-01	Bjønnstisætra	Bjønnstisætra, nordre bygning	
G.SK2.02-02	Bjønnstisætra	Bjønnstisætra, nordre bygning	
G.SK2.02-03	Bjønnstisætra	Bjønnstisætra innreiing nordre bygning	
G.SK2.02-04	Bjønnstisætra	Oversikt	402173, 6887861
G.SK2.02-05	Bjønnstisætra	Nordre bygning	
G.SK2.02-06	Bjønnstisætra	Søndre bygning	
G.SK2.02-07	Bjønnstisætra	Søndre bygning	
G.SK2.03-01	Bjønnstisætra	Mindre oppmuring av ukjent opphav	
G.SK3.02-01	Littlesætra	Oversikt søndre bygning	
G.SK3.02-02	Littlesætra	Oversikt søndre bygning	401571, 6886995
G.SK3.02-03	Littlesætra	Søndre bygning	
G.SK3.02-04	Littlesætra	Oversikt nordre bygning	401693, 6887078
G.SK3.02-05	Littlesætra	Oversikt nordre bygning	
G.SK3.02-06	Littlesætra	Oversikt nordre bygning	
G.SK3.02-07	Littlesætra	Detalj, nordre bygning	
G.SK3.02-08	Littlesætra	Detalj, nordre bygning	
G.SK3.02-09	Littlesætra	Detalj, nordre bygning	
G.SK3.02-10	Littlesætra	Detalj, nordre bygning	
G.SK3.03-01	Littlesætra	Andre bygningsrester ved nordre bygning	
G.SK3.04-01	Littlesætra	Andre bygningsrester ved setervoll nordre bygning	401586, 6887079
G.SK3.04-02	Littlesætra	Andre bygningsrester ved setervoll nordre bygning	
G.SK4.00-01	Skageflåsætra	Oversikt setervoll	
G.SK4.00-02	Skageflåsætra	Oversikt setervoll	
G.SK4.00-03	Skageflåsætra	Oversikt setervoll	
G.SK4.00-04	Skageflåsætra	Oversikt setervoll	
G.SK4.00-05	Skageflåsætra	Oversikt setervoll	
G.SK4.00-06	Skageflåsætra	Oversikt setervoll	
G.SK4.00-07	Skageflåsætra	Oversikt setervoll	
G.SK4.01-01	Skageflåsætra	Sel	
G.SK4.01-02	Skageflåsætra	Sel	401785, 6885998
G.SK4.01-03	Skageflåsætra	Detalj, sel	
G.SK4.01-04	Skageflåsætra	Detalj, sel	
G.SK4.01-05	Skageflåsætra	Detalj, sel	
G.SK4.01-06	Skageflåsætra	Detalj, sel	
G.SK4.01-07	Skageflåsætra	Detalj, sel	
G.SK4.01-08	Skageflåsætra	Detalj, sel	
G.SK4.01-09	Skageflåsætra	Detalj, sel	
G.SK4.01-10	Skageflåsætra	Detalj, sel	

G.SK4.02-01	Skageflåsætra	Driftsbygning	
G.SK4.02-02	Skageflåsætra	Driftsbygning	
G.SK4.02-03	Skageflåsætra	Driftsbygning	
G.SK4.02-04	Skageflåsætra	Driftsbygning	
G.SK4.02-05	Skageflåsætra	Driftsbygning	
G.SK4.02-06	Skageflåsætra	Driftsbygning	
G.SK4.02-07	Skageflåsætra	Driftsbygning	
G.SK4.02-08	Skageflåsætra	Driftsbygning	
G.SK4.02-09	Skageflåsætra	Driftsbygning	
G.SK4.02-10	Skageflåsætra	Driftsbygning	
G.SK4.02-11	Skageflåsætra	Driftsbygning	
G.SK4.03-01	Skageflåsætra	Vestre og nedre bygning	
G.SK4.03-02	Skageflåsætra	Øvre bygning	
G.SK4.03-03	Skageflåsætra	Øvre bygning	
G.SK4.08-01	Skageflåsætra	Kvia nedenfor sel	
G.SK4.10-01	Skageflåsætra	Innfesting bru	
G.SK4.10-02	Skageflåsætra	Innfesting bru	401754, 6885963
G.SK4.10-03	Skageflåsætra	Oppmuring til bru	
G.SK5.00-01	Tverrbakksætra	Oversikt	
G.SK5.00-02	Tverrbakksætra	Oversikt	
G.SK5.01-01	Tverrbakksætra	Selet	
G.SK5.01-02	Tverrbakksætra	Selet	
G.SK5.01-03	Tverrbakksætra	Selet	
G.SK5.01-04	Tverrbakksætra	Selet	
G.SK5.01-05	Tverrbakksætra	Selet	
G.SK5.01-06	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-07	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-08	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-09	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-10	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-11	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-12	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-13	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-14	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-15	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-16	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-17	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-18	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-19	Tverrbakksætra	Detalj selet	402234, 6885265
G.SK5.01-20	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-21	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-22	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-23	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.01-24	Tverrbakksætra	Detalj selet	
G.SK5.02-01	Tverrbakksætra	Driftsbygning	
G.SK5.02-02	Tverrbakksætra	Driftsbygning	
G.SK5.02-03	Tverrbakksætra	Driftsbygning	
G.SK5.02-04	Tverrbakksætra	Driftsbygning	
G.SK5.02-05	Tverrbakksætra	Detalj driftsbygning	
G.SK5.02-06	Tverrbakksætra	Detalj driftsbygning	
G.SK5.02-07	Tverrbakksætra	Detalj driftsbygning	
G.SK5.02-08	Tverrbakksætra	Detalj driftsbygning	
G.SK5.02-09	Tverrbakksætra	Detalj driftsbygning	
G.SK5.02-10	Tverrbakksætra	Detalj driftsbygning	
G.SK5.02-11	Tverrbakksætra	Detalj driftsbygning innfesting båskiller	
G.SK5.02-12	Tverrbakksætra	Detalj driftsbygning innfesting båskiller	
G.SK5.02-13	Tverrbakksætra	Detalj driftsbygning innfesting båskiller	
G.SK5.02-14	Tverrbakksætra	Detalj driftsbygning	
G.SK5.02-15	Tverrbakksætra	Detalj driftsbygning	
G.SK6.04-11	Nedste littlelia	Høyløe	
G.SK6.04-12	Nedste littlelia	Høyløe	402165, 6888048
G.SK6.04-13	Nedste littlelia	Høyløe	
G.SK6.04-21	Nedste littlelia	Høyløe	402178, 6888059
G.SK6.04-22	Nedste littlelia	Høyløe	

G.SK6.04-31	Øvste littlelia	Høyløe	
G.SK6.04-32	Øvste littlelia	Høyløe	402205, 6888091
G.SK6.04-33	Øvste littlelia	Høyløe	
G.SK6.04-41	Ved Skogamyra	Høyløe	401653, 6887295
G.SK6.04-51	Sør for Skogamyra	Høyløe	
G.SK6.04-61	Sør for Skogamyra	Høyløe	401613, 6887161
G.SK6.07-11	Øvste littlelia	Steingarde	
G.SK6.07-12	Øvste littlelia	Steingarde	402316, 6887970
G.SK6.07-13	Øvste littlelia	Steingarde	
G.SK6.07-14	Øvste littlelia	Steingarde, brattbakkgarden	402338, 6887908
G.SK6.07-15	Øvste littlelia	Steingarde, brattbakkgarden	
G.SK6.07-16	Øvste littlelia	Steingarde, brattbakkgarden	402365, 6887772
G.SK6.07-17	Ved Nedste nipa	Steingarde	401961, 6886922
G.SK6.07-21	Skageflå	Rester av bøgarden	
G.SK6.07-22	Skageflå	Rester av bøgarden	401956, 6887836
G.SK6.07-23	Skageflå	Rester av bøgarden øvst	401995, 6887807
G.SK6.07-31	Prekestolen	Steingarde	
G.SK6.07-32	Prekestolen	Steingarde	402127, 6888146
G.SK6.08-01	Prekestolen	Rydningsrøyser	
G.SK6.08-02	Prekestolen	Rydningsrøyser	
G.SK6.08-03	Prekestolen	Rydningsrøyser	402150, 6888185
G.SK6.09-41	Prekestolen	Parti av driftsveg	
G.SK6.10-01	Prekestolen	Reste etter løypestreng	
G.SK6.10-02	Littlesætra	Mulig gammelt styvingstre av selje	401605, 6887100